

Et TEMA fra www.dreieskiva.com - Roald's rom i rommet.

Dåp etter Herrens ord og befaling

Roald Kvam © 2008

- Dåpen meddeler menneske forlating for syndene og i dåpen får menneske Anden - i gåve - med utrustning, trøyst og forsvar (Apg 2, 38).
1. Dåpen innlemmer eit menneske i Guds nye paktsfolk, i trusfellesskapet i kyrkjelyden, i samfunnet av dei heilage (Matt 28, 18-20; Apg 2, 37-41; Tit 3, 3-7; 1 Kor 6, 11: 12, 13). Gjennom dåpen vert menneske vaska reint. Det vil sei at det vert reinsa frå synda, at det vert helga/ innvigd til Guds heilage, reine folk.
- Menneske vert døypttil Kristi namn (Matt 28, 18-20; 1 Kor 1, 13: 6, 11; Gal 3, 27). Det blir med andre ord Kristi eigedom i dåpen. Og stilles med det under Kristi herredøme i motsetnad til djevelens. Det betyr ikkje berre at djevelen mister taket på oss, men også at Kristi vilje skal få råde i oss, rettleie oss og gi seg uttrykk i våre handlingar.
 - Dåpen *ikler oss Kristus* (Gal 3, 27).
 - Dei døypte er *krossfest med Kristus* (Rom 6, 3. 6; Gal 5, 24).
 - Dei døypte er *døde med Kristus* (Rom 6, 8; Kol 3, 8).
 - Dei døypte er *begravd med Kristus* (Rom 6, 4; Kol 2, 12).
 - Dei døypte har *vokst saman med Kristus* (Rom 6, 5).
 - Dei døypte er *gjort levande saman med Kristus* (Kol 2, 13).
 - Dei døypte *skal leva med Kristus* (Rom 6, 8; Kol 2, 6).



Dreieskiva.com